

Indre Dalsfjord grendautval v/ Einar Furnes, leiar
Lauvstad og Velsvik grendautval v/ Arne O. Torvik, leiar
Innselset og Dravlausbygda grendalag v/Jorunn Beate Lillebø Lande, leiar

Dalsfjord, 5.9.2019

NVE

Og

Volda kommune

INNSPEL – NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT

Viser til rapporten forslag til Nasjonal ramme for vindkraft (NVE 1.4.2019) samt høyringsbrev med same dato.

Bygdelaga våre ligg inne som del av område 48 Sunnmøre og Nordfjord eit av dei 13 områda som er vurdert som mest eigna for vindkraft. Vi representerer bygdelaga som inngår i areal avmerka i Volda kommune langs vestsida av Dalsfjorden.

For å få fram folkemeininga har grendalaga/-utvala teke initiativ til eit folkemøte om vindkraftutbygging. Møtet fann stad 26. august på Fyrlykta kulturhus. Publikum talde nærare 100 personar og bestod av lokale innbyggjarar, innbyggjarar i nabobygder, polititikarar, representantar frå interesseorganisasjonar mm.

Møtet var lagt opp slik:

- Orientering om rapporten og høyringa frå sakshandsamar i Volda kommune, Erlend Sporstøl Vikestrand
- Foredrag om vindkraftutbygging v/Sveinulf Vågene frå La Naturen Leve.
- Innlegg frå Volda og Ørsta Naturvernforbund v/ Trude Nordal og Knut Festø
- Innlegg frå representant frå Dalsfjorden Hans Martin Klokk på oppfordring frå grendalaga.
- Avslutningsvis vart det opna for kommentarar frå salen

I møtet vart det ikkje sett fram meiningsytringar FOR vindkraft i våre nærområde, dei som uttalte seg uttrykte generell motstand MOT slik vindkraftutbygging. Med bakgrunn i folkemøtet oppfattar grendalaga det slik at den rådande folkemeininga er at utbygging av vindkraft i våre nærområde er uønska.

Utover dette ynskjer vi på bakgrunn av folkemøtet å halde fram fylgjande synspunkt:

- Det skal ikkje vere vindkraftanlegg i slike alpine landskap som her. Landskapa har mykje større verdi som friluft- og rekreasjonsområde. Vi seier nei til vindkraftutbygging i heile Volda kommune,.
- Fjorden vår er allereie bygd ut med fleire vasskraftanlegg. Ein bør heller optimalisere desse enn å påføre nye sår.
- Når det gjeld natur vil vi særskilt påpeike at her er fleire hekkande havørn i fjorden vår.
- Eit vindkraftverk med 200 m høge vindturbinar på dei høge fjella langs Dalsfjorden vil verte synleg på stor avstand – også frå Volda sentrum. Om natta vil blinkande raude lys dominere nattehimmelen frå Volda sentrum. Om dagen vil vi sjå snurrande turbinar og sterkt blinkande kvitt høgintensitetslys (det er krav på alle vindturbinar over 150 m).

Vi krev at Volda kommunestyre gjer vedtak med fylgjande innhald:

- ***Kommunen ønsker å skape forutsigbarheit og tryggleik for reiseliv, naturbasert næringsliv og innbyggere / tilflyttere i kommunen***
- ***Verdien av å bu i nærleiken til urøyvd natur vil berre auke i framtida. Kommunen ønskjer å satse på livskvalitet og bulyst slik at vi vert ei attraktiv kommune for tilflytting.***
- ***Volda kommune er med sine høge fjell og unike verdifulle fjordalpine landskap særst lite eigna til vindkraft.***
- ***Kommunen seier nei til all vindkraftutbygging i heile kommunen.***
- ***Vi krev også at NVE fjernar område i Volda kommune frå område 48 i "Nasjonal ramme for vindkraft".***

Med venleg helsing

- Indre Dalsfjord grendautval v/ Einar Furnes (leiar)
- Lauvstad og Velsvik grendautval v/Arne Torvik (leiar)
- Dravlaus -og Innselsetbygda grendalag v/ Jorunn Beate Lillebø Lande (leiar)

Kopi sendt til:

- Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK)
- Avisa Møre
- Avisa Møre-Nytt
- Avisa Synste Møre